

## Innspel hydrogenstrategi frå Maritim Forening Sogn og Fjordane / Ocean Hyway Cluster

1. **Maritim infrastruktur** må på plass som grunnlag for hydrogenbasert passasjertransport. Fylkeskommunane eller private aktørar har avgrensa midlar til dette. Direkte løyving på statsbudsjettet for 2020 med fullfinansiering av etablering av 10 lager- og bunkringsanlegg for hydrogen langs Norskekysten, strategisk plassering i forhold til rutebåtsamband og på initiativ frå fylkeskommunane. Ocean Hyway Cluster set no i gang ein forstudie for å avklare marknadsgrunnlaget for denne infrastrukturen.
2. **Statlege insentivordningar** for å jamne ut prisskilnad mellom rutedrift basert på diesel og hydrogen. Større norske energiaktørar og internasjonale analyseselskap vurderer bunkerpris for hydrogen ved fylling på båt til å bli NOK 40-50 per kilo. Marin diesel kostar i praksis om lag NOK 6,20 per liter. Høgare energiinnhald for hydrogen og betre verknadsgrad for brenselceller enn for dieselmotor gjer at energipris for hydrogen (energi til propell) vil vere om lag dobbel så høg som for diesel (med eksisterande pris og avgiftsregime). Fylkeskommunar, operatørar eller private reiarlag har ikkje naudsynt motivasjon eller insentiv til å bere desse kostnadane sjølve. Statlege insentiv kan vere av same type som for el-bil, avgrensa i tid, 10-15 år periode. Konkrete framlegg til insentiv som gjeld for fartøy med minimum 50 % framdrift basert på hydrogen:
  - Utbetaling av suksesshonorar for kvar passasjerbåt som blir ferdigstilt. Honorar kan t.d. vere 20 % av byggjekostnad
  - Mva-fritak for utvikling og bygging passasjerfartøy
  - Fritak for hamneavgift, kontrollavgifter, avgifter for klassing etc (refusjonsordning frå staten til kaieigar)
  - For mannskap på hydrogenfartøy: Gratis tryggleikskurs, sertifisering etc (refusjonsordning)
  - Utbetaling av årleg suksesshonorar per rute basert på lengd, frekvens, etc
3. **Styrke eksisterande og etablere nye utdanningstilbod** retta mot hydrogenteknologi generelt og drift og vedlikehald av maritime hydrogenbaserte energisystem spesielt. Gjeld høgare utdanning samt EVU-tilbod.
4. **Etablere statleg selskap HYDRONOR** eller likn. (etter Statoil/Equinor-modell). Selskapet skal sikre at Noreg tek ein leiande rolle i verda i forhold til å tenke heilskap kring heile verdikjeda for hydrogen og sikre at bedrifter i Noreg aukar omsetnad og eksport av hydrogen og hydrogenteknologi. Ocean Hyway Cluster kan vere starten på eit stort nasjonalt selskap av denne typen.

Florø, 13.02.2019



Stein Kvalsund

Klyngeleiar OHC